

Plan for å sikra elevane eit godt psykososialt elevmiljø ved Svortland skule



Svortland skule

29.09.2014

1 Forord

Det skal vere godt å gå på Svortland skule. Me veit at med trivsel kjem læring og utvikling. Trygge barn er eit mål i seg sjølv, og samstundes ein føresetnad for å nå alle dei andre måla i læreplanen.

Fokuset på elevane sitt psykososiale miljø har vore stort dei siste åra: Manifest mot mobbing, nytt kapittel i opplæringslova (9a), ymse trivsels og anti-mobbeprogram og store medieoppslag om alt frå mobbing til uro og støy i den norske skulen – for å nemne noko.

Handlingsplanen byggjer på kapittel 9a i opplæringslova, som slår fast at skulen skal drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helse, trivsel og læring til elevane. Svortland skule har mange tiltak for å sikre elevane sin tryggleik og trivsel. Handlingsplanen samlar, systematiserer og synleggjer desse tiltaka.

Planen skal vere gjenstand for årleg revisjon og handsamast i samarbeidsorgana ved skulen, med særskilt fokus i skulemiljøutvalet.

For å få ein slik plan til å fungere er me mange som må samarbeide og dra lasset saman for trivsel, tryggleik og læring. Mandatet er omfattande, målsetjinga er høg. God kommunikasjon mellom heim og skule er ein føresetnad for å lukkast i dette viktige arbeidet!

Visjonen vår er:

« Svortland skule skal vere ein skule der ingen mistar motet og alle har noko å strekkje seg etter »

Svortland skule

Kari Østensen
rektor

2 Formål

Opplæringslova Kapittel 9a omhandlar elevane sitt skulemiljø. § 9a-1

”Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til et godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.”

Med psykososialt miljø meiner ein dei mellommenneskelege forholda på skulen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet skal virke positivt på elevane si helse, trivsel og læring, trygghet og sosial tilhøyrse.

Det er den einskilde elev si subjektive oppleving som er utgangspunkt for skulen si handtering av opplæringsloven § 9a - ”elevane si arbeidsmiljølov”.

Svortland skule legg vekt på:

- at det vert arbeida kontinuerleg ,langvarig og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- at skulen, elevane og dei føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebyggje, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har ei handlingsplikt til å undersøkje, varsle og gripa inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande åtferd
- at våre lokale tiltak og vår evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lukkast

Elever ved Svortland skule skal ikkje bli utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vold, rasisme eller utestenging på skulen og på skulevegen.

Denne planen omhandlar elevane sitt psykososiale miljø og byggjer på følgjande prinsipp:

Punkt 3	Førebygging og haldningsskapande arbeid	Tiltak som reduserer risikoen for at elevar blir utsett for krenkande ord og handlingar
Punkt 4	Avdekking	Rutinar og metodar skulen nyttar for å avdekke om elevar vert krenka
Punkt 5	Handtering og fasar for problemløysing	Tiltak og rutinar for problemløysing. Sjå også ordensreglement både for Bømlo kommune og Svortland skule
Punkt 6	Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid	Skulen sitt systematiske arbeid i høve det å sikre elevane eit godt psykososialt læringsmiljø.

Definisjonar på krenkande ord og handlingar

Mobbing inneber at ein eller fleire elevar seier eller gjer vonde og ubehagelege ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger, og den som blir utsett for det, har vanskeleg for å forsvare seg.

Utestenging betyr at nokon så godt som alltid blir halden utanfor ei gruppe eller klasse.

Vold inneber at nokon brukar fysisk makt for å skade andre.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, t.d fordi dei har ein anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Diskriminering betyr at ein person blir dårligare behandla eller trakassert, t.d på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.

Definisjonane er henta frå Utdanningsdirektoratets [brosjyre om elevane sitt skulemiljø](#).

I Elevundersøkinga brukar ein denne definisjonen:

Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Åtferda må finna stad to eller fleire gonger i månaden eller oftare for å vera mobbing.

Digital mobbing er eit veksande problem. Skulen må ha ein strategi både i forhold til førebygging og avdekking. Dette må skje i nært samarbeid med heimen.

Viser også til Bømlo kommune si forskrift for ordensreglement og Svortland skule sine ordensreglar. (lenke til dokumenta)

3 Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 1. avsnitt:

”Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosial tilhør”

Ved Svortland skule gjennomføre me følgjande førebyggjande tiltak for eit godt psykososialt elevmiljø:

På skulenivå			
Kva	Innhald	Når	Ansvar
Fokus på læring og meistring.	Læring og meistring gjev sjølvtilitt og skapar motivasjon, glede og tryggleik	Heile året	Alle tilsette
God og trygg klasseleiing	Styrke læraren som klassen sin leiar	Heile året	Lærarane
Trivselsleiar-programmet	Eit program for auka aktivitet og trivsel i friminutta. Varierte TL aktivitetar som gir positiv aktivitet og inkludering i leiken .	I alle matfriminutt man – torsdag heile året	Administrasjonen TL lærar/assistent Tilsette
Sosial plan	Kvart trinn har sin sosialplan som omhandlar aktivitetar elevane på trinnet skal ha opplevd gjennom skuleåret. Mål er samhandling, gode felles opplevingar og kjennskap til kvarandre... <ul style="list-style-type: none"> Fellessamlingar i gymsalen for heile skulen ein gong pr månad 	Heile året	Lærarane
Inspeksjon	Synlege vaksne ute i friminutt med gule vestar, og definerte arbeidsoppgåver i samsvar til inspeksjonsplanen vår. Elevar som krev tettare oppfølging i friminutt har ein til ein vakt i samsvar til inspeksjonsplan for einskildelevar.	Heile året	Tilsette
Elevrådsarbeid	Jamlege møter med elevrådet. Elevmedverknad og uttale i saker som omhandlar elevmiljøet Yoghurtsal 4 gonger på skuleår.	Heile året	Elevrådskontakt
Forsterka tettleik av vaksne på 1. og 2. trinn	Betre kapasitet til å fange elevar som slit fagleg men også sosialt. Lettare å sjå og følgje opp elevar som har utfordringar i høve sosialt samspel.	Heile året	Tilsette 1. og 2. trinn
Samarbeid med rådsorgana	Tett kontakt med brukarorgana, FAU og skulemiljøutval for å halde brukarorgana jamleg oppdatert.	Etter oppsett møteplan	Rektor

På klassenivå			
Kva	Innhald	Når	Ansvar
Klassereglar	Kvar klasse lagar sine eigne klassereglar, dei omhandlar både korleis ein vil ha det i timane og korleis ein er mot kvarandre Klassereglane skal hengje synleg i klasserommet og liggje på l's learning	Skulestart	Kontaktlærar
Følgje opp sosialplanen for trinnet	Gjennomføre dei tiltak som ligg på trinnet sin sosialplan Planleggje og gjennomføre trinnet sitt program til si fellessamling Lenke til sosialplanen.	Heile året	Lærarane
Klassemøte	Gjennomføre klassemøte		
Invitasjonar til bursdagsselskap (festar ol)	Det er berre lov å dele ut invitasjonar om ein inviterer alle jenter/gutar i ein klasse. Om ein inviterer kun nokre av jenten/gutane i ein klasse skal slike innbydingar ikkje leverast ut i klassen eller på skulen.	Før bursdagsfeiringar	Lærarane
På elevnivå			
Kva	Innhald	Når	Ansvar
Elevsamtale	Fleire av lærarane gjennomfører elevsamtalar med elevane før foreldresamtalen	Haut Vår	Kontaktlærar
Foreldre/elev samtale	Samtale om eleven si faglege og sosiale utvikling, 2 gonger på skuleår. Spørje foreldre/elev direkte om eleven opplever mobbing på skulen/skulevegen. Rapportere tilbake til rektor i eige skjema, tilbakemelding etter samtalar	Haut Vår	Kontaktlærar Kontaktlærar
Fadderordning 1. kl og 7. kl	7. klasse er fadrar for 1. klasse Bli kjende og sjå til at 1. klassingane finn sin plass i skulegarden. Planleggje aktivitetar saman og leike med 1. klassingane i friminutt særleg ved skulestart. Sjå eigen plan	Ved skulestart og elles jamleg gjennom skuleåret.	Lærarane på 7. og 1. trinn.
Fadderordning elevar i Innføringsklassen -	Sjå til at elevane i IF klassen deltek i aktivitetar med medelevar og finn sin plass i skulemiljøet	Heile året	Lærarane i IF

Forskningsbasert kunnskap seier at følgjande råd til skulen kan hjelpe til i forhold til å redusere og motverke krenkande åtfærd:

- Skuleleiarar og lærarar må ta ansvaret for å stoppe krenkjande ord og handlingar
- Elevar som fortel om krenkande ord og handlingar, skal bli tatt på alvor
- Skulen må møte foreldre/føresette med tillit og respekt
- Dei vaksne må gripe inn med ein gong krenkjande åtfærd blir oppdaga

- Arbeidet med eit godt læringsmiljø førebyggjer tilfeller av krenkjande ord og handlingar
- Skulen skal ha eit systematisk og langsiktig arbeid mot krenkjande ord og handlingar
- Skulen sitt arbeid med arbeidsmiljøet skal vera kunnskapsbassert
- Det skal vera synleg vaksne til stades på alle skulen sine arenaer
- God klasseleiing motverkar tilfelle av krenkjande ord og handlingar

4 Avdekking

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 2. avsnitt:

”Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Svortland skule skal i sitt daglege virke arbeide med å avdekke tilfeller av mobbing og krenkjande ord og handlingar.

Alle tilsette ved skulen har ei handlingsplikt som består i:

- Plikt til å gjere undersøkingar raskt
- Plikt til å varsle rektor/skuleleiinga (ved bruk av meldeskjema, sjå vedlegg)
- Plikt til å gripe inn

Vert ikkje handlingsplikta oppfylt kan tilsette straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månadar, jf. Opplæringslova §9a-7.

Avdekking kan vera at tilsette, elevar eller foreldre melder frå om hendingar om at nokon opplever krenkjande ord og handlingar. Skulen skal sikre at elevane si subjektive oppleving kjem fram, og at eventuelle tiltak vert sett i gang så raskt som mogleg. Dette må dokumenterast – ved bruk av enkeltvedtak som vert registrert i eleven si mappe i saksarkivet (Ephorte).

Skulen har følgjande rutinar for avdekking:

Oppgåve	Ansvar for oppfølging
Kartlegging av mobbing to gonger pr år gjennom elev/foreldresamtalen. Kontaktlærer rapporterer funn til rektor ved bruk av skjema tilbakemelding etter samtale. Rektor avgjer vidare oppfølging	Kontaktlærer/rektor
Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen gjennom elevundersøkelsen for 5. – 7. trinn	Rektor og kontaktlærarar
Årleg tema på klasseforeldremøter, elevråd og skulemiljøutvalet	Rektor Kontaktlærarar Elevrådslærar
Vakt og tilsynsordingar i friminutt og ved skuleslutt	Rektor og alle tilsette
Fylle ut meldeskjema når ein oppdagar krenkjande handlingar eller tek i mot meldingar om dette frå foreldre. Meldeskjema skal umiddelbart leverast rektor for vidare handsaming, sjå fasar for problemløysing	Alle tilsette

Ved mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar, skal tilsette bruke meldeskjema. Foreldre/føresette kan også bruke dette skjemaet. Dersom føresette kjem med ei munnleg bekymring og ønskjer å bruke meldeskjema, skal mottakar av bekymringa fyller ut meldeskjema, sjå vedlegg. Meldeskjema skal også ligge ute på skulen sine heimesider.

Viser også til Utdanningsdirektoratet sitt hefte om elevane sitt psykososiale elevmiljø. Alle føresette har våren 2013 motteke denne. Dette heftet samt planen for psykososialt elevmiljø og meldeskjema ligg ute på skulen sine heimesider.

5. Handtering og fasar for problemløysing.

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet, 3. avsnitt:

” Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.”

Ved Svortland skule skal alle elevar og føresette oppleve å bli tatt på alvor om dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd, og sjå til at slik åtferd ikkje startar opp att etter at tiltak har blitt satt i verk.

Rektor har det overordna ansvaret for at skulen føl opp saker som gjeld det psykososiale miljøet. Skuleleiinga ved avdelingsleiarane vil i nokre elevsaker handle på vegne av rektor, men då alltid i nær forståing med rektor. Det er rektor som eventuelt skriv enkeltvedtak, men at samtalar/undersøkingar/framlegg til tiltak og vidare oppfølging blir gjennomført av avdelingsleiarane.

Når elev, føresette eller tilsette ved skulen har avdekkja at elevar blir utsett for krenkjande ord og handlingar, skal skulen sikre ei saksbehandling og oppfølging i tråd med lover og forskrifter. Viser også til forvaltningslova.

Enkeltvedtak:

- Munnleg eller skriftleg henvending frå elevar og føresette om forhold knytt til skulemiljøet, skal svarast med eit enkeltvedtak. Ved ei henvending skal føresette få informasjon om sin rett til å få enkeltvedtak når dei ber om tiltak.
- Ved varsling frå tilsette om kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord og handlingar skal rektor etter undersøking avgjere om det skal fattast eit enkeltvedtak. Dersom det blir sett inn tiltak som er inngripande for den eleven det gjeld, må det fattast enkeltvedtak.

Det er likevel eit viktig prinsipp for handtering at problem vert løyst på lågast mogleg nivå, så tidleg som mogleg, men at dei tilsette veit når saker skal meldast vidare (meldeskjema). Meldeskjema skal leverast til skuleleiinga. Dei tilsette veit til kven og korleis dei skal vende seg til når problema ikkje kan løysast på deira nivå

FASER FOR UNDERSØKING OG TILTAK

	Oppgaver	Ansvar	Dokumentasjon
STEG 1	<p>Tilsett får informasjon/kjennskap om mogleg krenking av elev.</p> <p>Melder frå til kontaktlærer som samtalar med eleven for å skaffe informasjon og gi støtte. Kontaktlærer samtalar og med den som utfører krenkinga. Eleven får melding om at slik adferd er uaseptabel og må stoppe umiddelbart. Dersom fleire elevar er involvert samtalar ein med ein elev om gongen.</p>	Tilsette Kontaktlærer	Munnleg
	<p>Kontaktlærer føl opp saka ved å kontakte heimen til eleven som kjenner seg krenka.</p> <p>Både skule og heim kjem med si oppleving av situasjonen. Det er viktig at eleven si subjektive oppleving kjem fram. Kontaktlærer og foreldra vert einige om situasjonen med krenkinga er løyst eller om saka skal meldast vidare til skuleleiinga v/ rektor.</p> <p>Kontaktlærer vurderer om det er trong for å kontakte heimen til eleven som den andre opplever krenka av.</p> <p>Skulen og heimen samarbeider om å følgje opp eleven og bidra til at krenkinga av medelev opphøyrer umiddelbart. Gjer avtalar om oppfølging.</p> <p><i>Målet er å løyse slike situasjonar på lågast mogleg nivå i godt samarbeid mellom heim og skule.</i></p>	Kontaktlærer	Munnleg
STEG 2	<p>Skuleleiinga ved rektor vert koplå inn, enten ved melding frå kontaktlærer/tilsette, foreldre eller elevar.</p> <p><u>Formell sakshandsaming startar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Møte med foreldre, kontaktlærer og skuleleiing - Skrifteleg førehandsvarsel - Undersøkelsesfasen, samtalar, observasjonar, kartleggingar 	<p>Kontaktlærer Tilsette Foreldre</p> <p>Rektor/avd leiar</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor Avd.leiar og tilsette</p>	<p>Meldeskjema</p> <p>Førehandsvarsel reg i Ephorte</p> <p>Referatlogg i undersøkingsfasen</p>

	<p>- Rektor avgjer om retten til godt psykososialt elevmiljø er:</p> <p>A: Oppfølgd og ikkje grunnlag for tiltak B: Ikkje oppfølgd og tiltak vert iverksett Samt vidare oppfølging av saka.</p> <p>- Tiltak vert gjennomført og det er jamlege evalueringsmøter heim-skule</p> <p>Om enkeltvedtaka: Rektor fatter enkeltvedtak så snart som mogeleg om eleven sin rett etter § 9a-1 er oppfølgd eller ei.</p> <ul style="list-style-type: none"> -Begrunne kvifor retten er oppfølg eller ikkje - Konklusjonen må kome klart og tydeleg fram -Nemne dei faktiske forhold vedtaket byggjer på -Grunngi val av eventuelle tiltak -Korleis følgje opp og evaluere tiltak - Setje tidsfrist for kor lenge enkeltvedtaket gjeld -Klagerett må sikrast <p>Enkeltvedtak kan vere aktuelt både for elev som blir krenka og for den som krenker</p>	<p>Rektor</p> <p>Tilsette, avd leiar og rektor</p>	<p>Enkeltvedtak reg i Ephorte</p>
<p>STEG</p> <p>3</p>	<p>Om krenkingar held fram etter enkeltvedtak med tiltak vil det bli gjennomført ytterlegare kartleggingar og nye enkeltvedtak med tiltak.</p> <p>Når ein evaluerar enkeltvedtak, blir det også vurdert om det er trong for nye enkeltvedtak og tiltak.</p> <p>Om kreninga held fram vert det sett inn tiltak i tråd med sanksjonar frå ordensreglementet.</p> <p>Sanksjonane må vere i tråd med ordensreglementet Skulen må dokumentera bruk av sanksjonar. Skulen må vurdere om det skal fattast eigne enkeltvedtak om sanksjonane er inngripande</p> <p>Problemsituasjonen blir fylgt inntil dei opphøyrer heilt. Alle involverte elevar skal følgjast opp. Det tar tid å komme over alvorlige krenkingar. Den/dei som krenkjer har også problemer.</p> <p>Dersom krenkjande adferd ikkje opphøyrer, skal andre eksterne partar inn i saka. T.d PPT, ressursteam, barnevern, politi eller konfliktråd</p>	<p>Rektor/avd leiar</p> <p>Rektor</p> <p>Kommunalsjef v/skulebyte</p> <p>Rektor/avd leiar tilsette</p> <p>Rektor</p>	<p>Referat</p> <p>Eventuelle nye enkeltvedtak</p>

--	--	--	--

5 Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid

§ 9a – 4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. (internkontroll)

Skulen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

Med kontinuerlig meiner ein det at det systematiske arbeidet må vera ein raud tråd i skulen sitt arbeid og ikkje berre noko ein gjere når det oppstår ubehagelige situasjonar eller ved oppstart av eit nytt skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret.

Det systematiske arbeidet skal vera gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vera innarbeida og må følgjast av personalet når det blir jobba med saker som vedkjem det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga har ansvaret for den daglege oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid. Skulen si leiing ved rektor skal følgje med og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Denne planen skal bidra til at elevane ved Svortland skule opplev eit trygt og sosialt skulemiljø. For å sikre at dette blir eit "levande" plandokument, må planen vera kjent for alle partar i skulemiljøet.

Skulen har følgjande rutiner:

	Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
1.	Skulen sine tilsette drøfter områder og skriftleggjer skulen sitt syn på: -Kva er eit godt psykososialt miljø? -Kva er krenkjande adferd? - Kva er terskelen for å gripa inn? -Når skal skuleleiinga varslast?	Ved Skulestart	Rektor
2.	Skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrrer skulekvardagen	Gjennom heile skuleåret	Rektor
3.	Den sosiale planen med tiltak på kvart trinn vert gjennomført. Fellessamlingar vert gjennomført etter oppsett plan	Gjennom heile skuleåret	Lærarane
4.	Opplæring og informasjon til alle tilsette		

	-Plan for å sikre elevane eit godt psykososialt læringsmiljø ved Svortland skule - Ordensreglement		
5.	Føresette blir gjort kjent med planen og ordensreglementet. Dette ligg også på skulen sine heimesider.	Kvar haust	Rektor Kontaktlærer
6.	Tiltak og aktivitetar vedr. Skulemiljøet blir tatt opp i elevrådet.	Gjennom heile skuleåret	Elevrådskontakt
7.	Gjennomgang av elevundersøkinga blir tatt opp i personalet, FAU og skulemiljøutvalet.	Kvar haust	Rektor
8.	Oppsummering etter elev-foreldre samtalanene vert levert inn til rektor. Funn vert undersøkt og fylgt opp	Haust og vår	Kontaktlærer/ rektor
9.	Skulen skal evaluera sitt førebyggjande og haldningsskapande arbeid kvart år. Evaluering og event revidering skjer i personalmøter, elevråd, FAU og skulemiljøutvalet	Kvar vår	Rektor
10.	Vakt og inspeksjonsordninga evaluerast to gonger i året	Haust og vår	Rektor
11.	Kommunalsjef etterspør i pedagogisk årsmelding status for arbeidet med det psykososiale elevmiljøet.	Våren	Kommunalsjef (skulefagleg rådgjevar)

Vedlegg 1: Meldeskjema

MELDESKJEMA OM BEKYMRING FOR ELEVEN SITT PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ

Melding frå føresette vil utløyse eit enkeltvedtak

Namn på elev:		Fødselsdato:
Elev i klasse:		
Bekymring meldt til:		
Bekymring meldt av:		
Dato for melding:		
Kva dreier bekymringa seg om? (mobbing, vold, rasisme, diskriminering, utestenging)		
Korleis vart bekymringa oppdaga?		
Anna faktainformasjon?		